

Reglement/avtale for berbare datamaskinar

Tryggheim ungdomsskule ynskjer at elevane brukar berbar datamaskin så lenge ein er elev ved skulen. Føremålet er å gi elevane solid innføring i IKT og bruk av dette som arbeidsreiskap i kvardagen. Dette gir elevane store fordelar i vidare utdanning og arbeidsliv.

1. Eigedomsrett

Datamaskinane er skulen sin eigedom, og elevane nyttar dei så lenge dei er elevar ved skulen. Maskinen skal vera rein og fin, ingen klistermerker/reklame / teikning og merking med tusj. Elevar som går tre år ved skulen får datamaskinane når dei sluttar.

2. Personleg ansvar for maskinen

Du må aldri låne vekk maskinen til nokon utanom skulen med unntak av til foreldre/føresette og dataansvarlege på skulen. Passord skal du aldri dele med nokon.

3. Tid for bruk av maskinane

Datamaskinen skal vere med på skulen kvar dag, om ikkje anna er avtalt. Det er ikkje lov å nytte maskinane i friminutta. Det er ikkje tillate å ete ved sida av ein open datamaskin. Maskinskjerme skal liggje nede i timane, om ikkje anna beskjed er gitt. Læraren bestemmer når elevane kan nytte datamaskinen i undervisning. Det er viktig at elevane rettar seg etter læraren sine instruksar til ei kvar tid. Dersom elevane nyttar maskinen utan lov eller i strid med det læraren har bestemt, kan maskinen dragast inn, for kortare eller lengre tid.

4. Etisk bruk av maskinane

Det er ikkje tillate å nytte datamaskinane til operasjonar som er i strid med norsk lov. Det er t.d. ikkje lov å laste ned musikk, spel eller film som ein ikkje

har opphavsrett til. Det er ikkje tillate å lagre bilete eller spel eller noko anna datamateriell på maskinane som kan vekkje anstøyt. Dette betyr at pornografisk og/eller valdeleg program/bilete osv. ikkje på nokon måte skal hamne på elevmaskinane.

5. Bruk av programvare i skuletida

I skuletida og på skulen (dvs også etter skuletid) er det berre lov å nytte lovleg programvare på maskinen, uavhengig av om programvara er installert på maskinen, ligg på CD, internett, ekstern harddisk eller liknande. Det skal ikkje endrast eller leggjast til nytt operativsystem.

6. Installasjon av programvare

Det er ikkje lov å installere eller bruke program som inneholder vald, krig, sex, pornografi, grov språkbruk eller anna som er i strid med skulen sine ordensreglar eller norsk lov.

7. Pass på maskinen

Maskinen må aldri vere «naken» ute i friluft. Du bør også unngå å flytte maskinen når skjermen er oppe. Pass på ladeinngangen og ladekabel då desse er skjøre. Bruk aldri ladet med feil spesifikasjonar. Ver merksam på at ladet, vesker og mus lett kan verte borte. Du må sørge for god merking av alle deler.

8. Brot på reglane

Brot på reglane kan føre til at maskinen vert konfiskert. Fyrste gong eitt døger, andre gong to, tredje gong tre osv. Ei helg tel som eit døger. Det gjer i utgangspunktet også feriar.

9. Ufin bruk og handsaming av maskinen

Dersom eleven over tid viser uforsiktig handsaming av PCen, kan han/ho mista retten til å ta med seg PCen heim eller vekk frå skulen. Datamaskina må då leverast inn på tilvist stad ved slutten av kvar skuledag, og hentast same stad ved starten av påfølgande skuledag.